

Invitasjon til foreldremøte om ekskursjonar skuleåret 23/24

Voss 11.11.22

I faga i 2. framandspråk (tysk, spansk og fransk) har skulen tidlegare arrangert ekskursjonar til land der desse språka er morsmålet hjå største delen av innbyggjarane. Inneverande skuleår hadde me gode ekskursjonar til dei ulike landa. For at desse skal bli så gode som mogleg ynskjer me starte med arbeidet med ekskursjonar hausten 23 så tidleg som mogleg.

Me har sett på desse ekskursjonane som viktige både i språk- og kulturlæringa. Elevane har gitt særst gode tilbakemeldingar på ekskursjonane, og dei har hatt tydeleg læringsutbytte.

Voss gymnas ynskjer å sonde interesse for gjennomføring av ekskursjonar i saman med foreldre/føresette i samsvar med regelverket. Me har lærarar som er interesserte i å gjennomføre slike ekskursjonar, og skulen er budd på å finansiere lærarane si deltaking samt ha eit fullverdig undervisningstilbod til dei elevane som av ulike årsaker ikkje måtte ynskje å ta del i ein ekskursjon. For å gjennomføre eit slikt opplegg vil me måtte ha minimum 10 elevar som deltek per gruppe.

Me vil difor arrangere eit foreldremøte torsdag 24. november kl 18.00.

På møtet vil me informere om bakgrunnen for at me treng ei felles kasse til kvar ekskursjon som er organisert av ei foreldregruppe. Foreldregruppa bør vera på to-tre personar, og hovudoppgåva er å opprette ein konto, organisere dugnad og innbetaling av dugnadspengar.

Etter at Statsforvaltaren i gamle Hordaland i 2014 hadde tilsyn med skular om gratisprinsippet ved ekskursjonar, har me ved Voss gymnas teke konsekvensen av konklusjonane deira. Det er bakgrunn for at me treng ei foreldregruppe som tek seg av det økonomiske knytt til ekskursjonen, dvs samle inn midlar til ei felles kasse for dei elevane som vil delta på den.

For å kunne gjennomførast ekskursjonane til Spania, Tyskland og Frankrike har me alltid vore avhengige av innbetalingar frå deltakarane. Deltakarar som ikkje har hatt økonomisk høve til innbetaling, har kunne søkje støtte gjennom eit legat som Voss gymnas har (Sjur Gavle sitt legat). Me har også hatt eit alternativt undervisningstilbod til dei elevane som ikkje ynskjer å vere med på ekskursjon. Etter Statsforvaltaren sin konklusjon er dette er likevel ikkje tilstrekkeleg til at ekskursjonane kan arrangerast utan felleskasse der midlane er samla inn av foreldre/føresette. Me har heller ikkje tilgang på sponsorar som gjer at deltakarane kan velje om dei ynskjer å vera med i felleskassa eller ikkje.

Dersom me skal kunne ta på oss det faglege ansvaret for gjennomføring av slike ekskursjonar, er det ein føresetnad at me gjer dette innafor dei retningslinene som Statsforvaltaren presiserer i sitatet: *skulane kan ta imot ulike former for gåver, midlar frå dugnadsinnsats, loddsal eller liknande, men desse midlane må brukast sånn at dei kjem heile gruppa/klassen til gode. Alle elevar må få delta på dei same aktivitetane uavhengig av pengebidrag, og gåvene må vere reelt frivillige.*

Voss gymnas

Nelly Nora Naasen
-Avdelingsleiar-